



Hordaland fylkeskommune

10 JUN 2014

## VEGFORUM ØST-VEST

Notodden, mai 2014

Til politikerar, administrativt personell m.m.

### DET BESTE VEGALTERNATIVET MELLOM AUST OG VEST

Regjeringa vil om kort tid velje kva som skal bli den nye hovudvegen mellom Oslo og Bergen. Dette er eit val som vi skal leve med i generasjonar framover. Difor er det viktig at alternativet **E134 Miljøvegen** til Bergen/Haugesund er sterkt framme i vurderinga. Dette er den kortaste, snøggaste, sikraste og mest miljøvenlege løysinga. Og ikkje minst: Det einaste alternativet som bind saman dei to største og raskast veksande regionane i Norge.

Nye **E134 Miljøvegen** skil seg mykje frå E134 i dag – men har sterkt likskap med alternativet Oslo Economics kallar ein *radikalt forbedret veistrekning som kan betjene all trafikk mellom ytre øst og ytre vest* i rapporten **Bedre øst-vest-forbindelse – beregning av nytte-effekter**, utarbeidd på oppdrag frå Opplysningskontoret for Veitrafikken.

Av rapporten går det fram at nytteverdien av denne forbetra vegen er 58 milliardar kroner. Dette er nær dobbelt så mykje som ein opprusta RV52 over Hemsedalsfjellet, strekninga som kom best ut av eksisterande aust–vestsamband. I eit nasjonalt og heilskapleg perspektiv er nye **E134 Miljøvegen** ei langt betre løysing. Alle gode krefter må difor stå saman om å få Regjeringa til å velje rett!

Kvífor? Det kan du lese meir om i heftet som følgjer med dette brevet.

Med helsing  
**VEGFORUM ØST-VEST**

Svein Sem  
Styreleiar